



Trommeslagar Rune Solheim (ex Kvinnherad) i blå ramme. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ein skulle kanskje trudd at Festivalen-suksessen med Åge-konserten for 1.800 tilhøyrarar skulle få eit antiklimaks, men det skjedde ikkje. Idet Kaizers Orchestra var i ferd med å avslutta sin imponerende kraftprestasjon i natt kunne festivalsjef Sveinung M. Pile anslå at omtrent like mange som natta før var i arenaen



Kaizers har nådd eit svært høgt nivå. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Var det tilfelle, vil 3.600 ha besøkt Festidalen i år og det må karakteriserast som ein formidabel suksess. Arrangøren håpar sjølv sagt på eit overskot etter dette, men kor stort det kan bli tør ikkje Pile ha noko formeining om førebels. Til det er det for mange udefinerte utgiftspostar.



Styrk Bekkenes meiner Festidalen er distriktsutbyggjing. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Suksessen set i perspektiv det sjefen for hovudsponsor Noreq Styrk Bekkenes sa til Uskedalen.no laurdag kveld. Sjølv om firmaet har støtta kvar av dei siste tre festivalene i Uskedalen med eit sekssifra beløp, angrar han ikkje eit sekund på satsinga.



Det var 13 telt i festivalcampen dette året og denne Bergen-gjengen hadde eitt av dei. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Det er viktig for Kvinnherad å ha tre sommar-arrangement og Festidalen er det aller viktigaste. Eg ser på slike satsingar som svært viktige tiltak i arbeidet med å få utflytta kvinnheringer til å koma heim att. Festidalen er det viktigste tiltak vi har når det gjeld å laga ei fristende kulturpakke for dei. Og det er sørgjeleg å sjå at så få andre bedrifter i kommunen tek konsekvensen av dette, sa Bekkenes, som slett ikkje er spesielt interessert i rock. Men han hadde ein kjekk kveld med Åge



Ken Stringfellow - sprek frontfigur i The Disciplines. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Noreg gjer også ein indirekte innsats for Festidalen: Fleire av dei 28 tilsette i den framgangsrike verksemda etablert i 2006 er engasjert i arrangementet.

I natt hadde publikum, som også hadde innslag frå dei strøk som dei fleste i Kaizers kjem ifrå, ein kjekk kveld med eit av landets desidert beste rockeband. For å knytte an til Åge opplevde dei keisarane denne natta medan dei traff kongen førre natta.

Keisarane imponerar med så mangt, men det spørers om ikkje sjølve sceneshowet med sitt mangfald, kreativitet og sans for effektar, tek prisen. Det kan ikkje vera mange band i Europa som kan oppvisa maken. Så har da også bandet skapt seg ein posisjon på kontinentet.

Men samstundes har bandet klart å halda opp ein norsk profil som dei legg vekt på å reindyrka og det er høgst prisverdig.

Dei tre banda som var i elden foran Kaizers bleikna sjølv sagt i samanlikning, men to av dei er viktige i det meir lokale musikkliv og nye skot på stammen. Først ut var to år gamle Kobayashi som har to medlemmer frå Bergen og to frå Husnes og spelar Stoner-inspirert rock.

Odda-bandet Major Parkinson er prega av stor energi og liveshowet deira ber bod om høge ambisjonar. Så fekk det da også strålende kritikk for debutalbumet i fjor.

The Disciplines som kom som nummer tre i konserten blir ikkje minst hugsa på grunn av ein spreisk frontfigur som heiter Ken Stringfellow. Han var både høgt og lågt på scena og blanda seg også til dels med publikum..

Festivalen har med arrangementet i år befestet sin posisjon som ein festival med særpreg, som i høgste grad er liv laga. Valet av band har vore eit blinkskot – med ein klar vinnar både fredag og laurdag.

Dei frivillige har gjort ein svært profesjonell jobb og organisasjonen har vore godt og sikkert leia. Dei fleste av dei barneskjoldmannane som ein kunne registrera før er no luka bort. Det lovar godt for framtida.

Av Ola Matti Mathisen.